



Hjelmås Vvs AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2209 - 17/24347

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2017

Svar på førespurnad datert 29.08.2017 - gbnr 58/42, 58/114, 58/119 og 58/129 Lygre indre

Vi viser til dykkar e-post datert 29.08.2017 som gjeld spørsmål til vårt førebelse svar på søknad om etablering av avlaupsanlegg på gbnr 58/42 m. fl. datert 25.08.2017. Vi har følgjande kommentar:

Punkt 2 – dispensasjon frå pbl § 1-8

Når det gjeld byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og verknadane for eldre reguleringsplanar har vurderinga av dette endra seg sidan oktober 2016. I brev datert 08.03.2017 har kommunal- og moderniseringsdepartementet gjort greie for at dei har endra tidlegare tolking av dette tema slik at det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø vil gjelda for byggjeområde som er avsett i tidlegare vedtatte planar dersom det ikkje er fastsett byggjegrænse i planen. Gjeldande reguleringsplan for Buskneset har ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø og det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet, jf pbl § 1-8, vil følgjeleg gjelda.

Det må søkjast om og liggja føre dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, pbl § 1-8, før kommunen kan gje løyve til etablering av anlegget. Kommunen vil ikkje ta gebyr for handsaming av dispensasjonar for dette forhold.

Punkt 3 - nabovarsel

Vi ønskjer å gje så god informasjon som mogleg i forhold til nabovarsling. Når det gjeld nabovarsling i utsleppssaker skil dette seg frå vanlege saker. Ved søknad om utsleppsløyve skal dei som vert berørt av tiltaket varslast. Det vil seia at det ofte må varslast langs heile leidningstraseen og ved utsleppspunktet. Det er den som søkjer som har oversikt over tiltaket og som er ansvarleg for at dette er tilstrekkeleg varsla.

Føretak skal i utgangspunktet nytta Infoland-tenesta til å henta ut nabolister. Vi prøver likevel å hjelpa med nabolister så langt vi rekk. For utsleppssaker bør de nytta denne tenesta då det er de som veit kor anlegget skal plasserast og kven som kan bli berørt.

Vår kommentar på manglande nabovarsel gjeld gbnr 59/2, ikkje gbnr 58/2 som er varsla slik de skriv.

Punkt 4 - utsleppspunkt



Bodskapen her er at utsleppet må førast ut i område med tilfredsstillande vassutskifting. Kommunen si tilråding til utsleppspunkt vart gitt til Peder Hagesæter i e-post datert 18.08.2016 etter førespurnad frå han. E-posten vart send direkte til P. Hagesæter si e-postadresse. Følgjande tilbakemelding vart gitt:

«Til Hjelmås VVs AS v/ Peder Hagesæter

Vi viser til din førespurnad vedkomande planlagt søknad om utsleppsløyve for gbnr 58/114 og 58/119.

Det er knytt utfordringar til resipienten i området på grunn av grunne område og mange tersklar. Kloakkutslepp til området bør difor førast ut til sjøområde med betre tilhøve og større vassutskifting dersom avlaupet vert reinsa i slamavskiljar, jf utsleppet frå 59/2 (campinganlegget) som går ut i Lureosen. Ved bruk av denne løysinga bør det etablerast fellesledning som fleire kan knytast til. Dersom avlaupet vert reinsa i minireinseanlegg kan avlaupet førast til sjø etter reinsing på vanlege vilkår.»

Søkjjar må gjera ei konkret vurdering i forhold til utsleppspunkt om dette kan plasserast i ytre del av Bergfjordfjorden eller om ein må føra utsleppet lenger ut til Lureosen. Dersom mogleg er det ei føremon om omsøkte utslepp kan førast inn på ledningen frå gbnr 59/2.

Punkt 5 – utgreiing knytt til plassering av anlegg

Vi vil gjerne at de gjer ei skilding av terrenginngrep. Skal det sprengast trase for utsleppsledningen, skal ledningen gravast ned, eller gå i borehol til sjø. Det same vil gjeld etableringa av slamavskiljar. Kommunen vil framover setja større krav til teikningsdokumentasjon og skildring når det gjeld etablering av avlaupsanlegg enn vi gjer i dag. Dette vil vera særskild viktig i strandsona og vera ein del av vurdering i dispensasjonshandsaminga.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS